



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Eva Katrine R. Taule, 55 57 22 26

Vår dato

04 SEPT 2009
Dykkar dato
29.06.2009

Vår referanse

2008/7623 421.0
Dykkar referanse

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo

Uttale til statlege planretningsliner for differensiert strandsonopolitikk langs sjøen

Vi viser til Dykkar brev av 29.06.2009 med utkast til statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.

Hordaland er eit fylke med stort arealpress på strandsona, både gjennom private reguleringsplanar og dispensasjonssaker. Fylkesmannen i Hordaland er difor opptatt av utkastet til statlege planretningsliner og vil kommentera dei nærmare.

Generelle merknader

Ny plan- og bygningslov er vedtatt i Stortinget og plandelen er gjeldande frå 01.07.09. Lova fastset nye reglar om strandsoneforvaltning og innskjerpar bruken av dispensasjon. Lovkommentaren tydeleggjer omgrep og samla sett framstår lova meir tydeleg enn tidlegare. Utkast til statlege planretningsliner er meir diffuse og gjer at strandsoneforvaltninga vert mindre klår og meir skjønbasert. Bruken av omgrepet *bør*, uklære omgrep og i nokon grad motstridande setningar i retningslinene er med på å gje dette inntrykket.

Strukturen i retningslinene er heller ikkje tydeleg. Retningslinene frå RPR Oslofjorden som er tatt inn har ein annan språkbruk og inndeling av areal som gjer sitt til det uklære preget. Fylkesmannen meiner at det diffuse preget bidrar negativt til den kommunale forvaltninga av strandsona og at retningslinene burde strammast inn i struktur og ordbruk for å gjere dei meir klårgjerande.

Arealpolitisk vurdering

I Hordaland har alle kommunane grense mot sjø, i større eller mindre grad. I ytre kyststrok er arealpresset tydeleg sterkare enn i dei indre områda, det ser vi gjennom plan- og dispensasjonssaker vi har på høyring. Omfanget av utbygging i strandsona gjennom dispensasjonar er på eit ikkje-berekraftig nivå. Retningslinene legg opp til at kyst-kommunane i fylket vert plassert i gruppa for sentrale område der presset på areala er stort. Fylkesmannen er samd i dette hovudgrepet, men er uroa over at eit skilje mellom kommunane ut frå registrert arealpress vil forskyve presset til nye område. Meland kommune er plassert i gruppa for mindre press. Fylkesmannen meiner at kommunen må flyttast til område med stort arealpress. Kommunen er ein del av nærområdet til Bergen og har eit stort arealpress.

Fylkesmannen saknar elles ei utdjuping av at sjølv kommunar med lang, ubygd strandsone kan ha svært lite tilgjengeleg strandsone og såleis eit stort ansvar for å ivareta strandsoneverdiane for ålmenta. Vi viser her til SSB sine samanstillingar av strandsonedata der mellom anna bratt terreng er trekt inn.

Konkrete merknader

Virkeområdet for retningslinene er 100-metersbeltet, men innanfor RPR-området i Oslofjorden er det utvida. At virkeområdet er ulikt, gjør sitt til at retningslinene verkjer uklåre.

I Hordaland har vi gjennom samarbeid om utarbeiding av Fylkesdelplan for kystsona brukt omgrepet funksjonell strandsone. Omgrepet er henta frå RPR Oslofjorden og vi har definert det til å vere den sona som står i direkte samspel med sjøen, økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Sona kan vere smalare eller breiare ann 100-metersbeltet. Topografien og den bygde strukturen i Hordaland gjer at 100-metersbeltet i mange område er vanskeleg å halde seg til, strandsoneverdiane kan både vere knytt til ei smalare sone eller strekkje seg forbi 100-metersbåndet. Vår vurdering er at retningslinene gjer at samanhengen med områda utanfor 100-metersgrensa som også kan ha tydelege strandsoneverdiar, vert lite framtrudande og forvaltninga av strandsona vert stivare og mindre fleksibel.

Retningslinene er hovudsakleg delt i sentrale deler der presset er stort og områder med mindre press på areala. RPR for Oslofjorden er tatt inn som underpunkt under sentrale område med stort press. Her er det tatt inn eigne nasjonale mål, delmål, definisjonar og retningslinjer. Omgrep som *åpne områder* er nytt utanfor RPR-området. At RPR-teksten er tatt direkte inn i dei nye retningslinene er ikkje ei god løysing, men er med på å gjere dei statlege planretningslinene uklåre. Fylkesmannen meiner at denne delen enten må vere eit vedlegg eller så må RPR-teksten innarbeidast betre i hovudteksten.

Retningslinene skal også gjelde for dispensasjonshandtering. Ny PBL set klårare krav til dispensasjonsvedtaket, med innskjerping særleg i strandsona. Ordbruken i utkastet som "*Dispensasjon bør vanligvis unngås*" er med på å gjere dette uklårt og er nærast i strid med lovtæksten.

Fylkesmannen vil også trekkje fram det problematiske i å gi felles retningslinjer for planlegging og behandling av dispensasjonssaker. Situasjonane er ikkje like. Til dømes kan ein arealplan, vedtatt med utgangspunkt i retningslinene, ha fasttatt at bygging ikkje vert tillate. I neste omgang skal ein bruke dei same retningslinene i vurderinga av om det skal gjevast dispensasjon.

Det er ein generell trong for avklaring og definisjon av omgrep som er nytta i retningslinene. Omgrep som *urørte område med spesielle friluftsiinteresser eller natur- og landskapskvaliteter* gjev for lita meining dersom det ikkje er konkretisert. Det same gjeld *kyst- og fjordlandskap med spesielle kvaliteter*. Her burde det vore kopling mot avklaring i regional plan eller krav om kartlegging av kvalitetar i kommunane.

I utkastet er det opna for vurdering av visse tiltak nær sjøen i områda med mindre press, som for eksempel brygger, naust, næringstiltak og sjøretta reiselivsbygg. Desse omgrepa er ikkje

definert i retningslinene og det er heller ikkje gitt nærare rammer for storleik og innhald. I Hordaland har vi eit stort problem ved at naust vert tatt i bruk til anna føremål som bustad- og fritidshus. Vi ser også at mange reiselivsanlegg vert seksjonert og selt som private fritidsbustader grunna dårleg økonomi i drifta. For at retningslinene ikkje skal opne opp for utgliding av bygging i strandsona til private fritidsbustader, må vilkåra for tiltaka verte tydelegare presisert i retningslinene.


Oppsummering


Fylkesmannen i Hordland meiner at statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen kan verte eit godt hjelpemiddel for forvaltninga av strandsona, men at det er trong for innstramming av struktur, ordbruk og klargjering av omgrep og rammer for utbygging. Retningslinene frå RPR for Oslofjorden bør enten innarbeidast betre eller vidareførast gjennom vedlegg.

I Hordaland er arealpresset klårt størst i kystområda og utkast til retningsliner har fanga dette godt opp, med unntak av Meland kommune som må flyttast til gruppa for stort arealpress.

Vi meiner også at retningslinene i større grad burde vore knytt opp mot krav til kartlegging av strandsoneverdiar og ivaretaking i regionale planar.

Med helsing


Svein Alsaker
Fylkesmann


Terje Aasen
Fylkesmiljøvernssjef

Kopi: Hordaland fylkeskommune, 5020 BERGEN